



# Etnedal kommune

## Plan og næring

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep.

0030 Oslo

<b>Deres ref.:</b>	<b>Vår ref.:</b>	<b>Arkivsak:</b>	<b>ArkivID:</b>	<b>Vår dato:</b>
	WOLOLA - 11/469	11/137	GBNR-	23.02.2011

### Høyringsuttale - forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk

Etnedal kommune sitt landbrukskontor tillét seg å komme med fylgjande merknader til LMD sitt forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk:

#### Samdrift / kvoteleige

##### *Organiseringsform*

Etnedal har fleire offensive mjølkeprodusentar, som i dei seinare åra har lagt opp til ei vesentleg rasjonalisering av mjølkeproduksjonen. Dette har foregått og foregår anten ved organisering i samdriftsforetak eller ved innleige og evt. kjøp av mjølkekvoter. Ein del bruk held fast ved samdriftsorganiseringa, fordi dette involverer kvar enkelt direkte i dei økonomiske tilhøva i produksjonen. Dette aukar engasjementet, og aukar sjansane for oppretthalding av det enkelte gardsbruk. Dessutan er aktive samdriftspartnarar oppdaterte og raskt tilgjengelege avløyssarar, som sikrar ferie og fritid og tryggleik ved sjukdom for kvar deltakar. Dermed vil det kunne vere ugunstig å stimulere aktive brukarar til å gå ut frå eit samdriftsforetak med godt samarbeidande deltakarar.

##### *Avgrensingar*

Generelt har norsk husdyrproduksjon eit vesentleg etterslep på investeringar og vedlikehald. Samanslåing av mjølkekvoter i eitt bygg, ved samdrift eller leigeavtaler, vil kunne skaffe nok produksjonsvolum til å forrente anlegg med til dømes automatiske mjølkingssystem. Slike anlegg har gjerne ein kapasitet til å produsere 6 – 700 000 liter mjølk årleg. I mange distrikt har bruka relativt små mjølkekvoter, slik at avgrensinga på fem samdriftsdeltakarar gjer det vanskeleg å danne ei samdrift med ei slik optimal totalkvote. Alternativet med dagens regelverk er kvotekjøp, som gjev stort likviditetsbehov samtidig med nylig utførte storinvesteringar.

Utifrå dette, sidan produksjonstaket er lagt opp til å ligge på 750 000 liter, bør det ikkje vere nokon avgrensing i talet på deltakarar i ei samdrift. Dette vil gje like vilkår for utnytting av større driftsbygningar uavhengig av plassering i landsdel. Vidare gjev det like tilhøve som mindre foretak som kan leige kvote, der det ikkje er nokon avgrensing på kor mange kvoter som kan utgjere totalkvota i eit mjølkeproduksjonsforetak.

## **Areal- og kulturlandskapstilskot (AK-tilskot)**

### ***Organiseringsform***

Det er vanleg i Etnedal at samdriftsdeltakarar står for grovfôrproduksjonen på kvar sine gardar, og følgjeleg søker AK-tilskot kvar for seg. Vi går ut frå at ved reine kvoteleigetilhøve, vil deltakarane kunne fritt søke AK-tilskot kvar for seg, uavhengig av kvar i landet dei sel avlinga frå disponibelt jordbruksareal, eller som evt. blir nytta til egne produksjonsdyr. Det kan godt oppstå situasjonar der leigar av mjølkekvoter har nok tilgang på grovfôr- og spreieareal sjølv, og kun leiger kvoter frå andre, utan nokon forpliking til kjøp av grovfôr. I eit langstrekt fylke som Oppland vil kvoteutleige godt kunne skje mellom distrikt over store avstandar, som gjer grovfôrutveksling uaktuelt. Ein produsent i Etnedal som leiger kvota til ein produsent til dømes på Hadeland, bør sjølv kunne bygge opp til dømes ein kjøtproduksjon på eige areal, som då sjølvstøtt må vere sjølvstendig AK-tilskots-kvalifisert.

### ***Differensiering***

I ei langstrekt fjellbygdkommune som Etnedal er det stor spreiding og ofte dårleg arrondering av jordbruksareala. Stordriftsfordelar ved drifting av fleire teigar under same foretak er derfor vanskeleg å hente ut. Grashausting skjer for det aller meste ved rundballepressing, som i høg grad blir utført av entreprenørar. Dette gjer at einingskostnadene ved hausting av små totalareal ikkje blir særleg høgare enn om ein person haustar på mange småteigar med stort totalareal, då skiftestorleiken gjerne er den same likevel. Med god planlegging frå entreprenøren si side blir det små skilnader i kostnaden per rundball. Utifrå dette vil det vere urettvist å redusere AK-tilskotet til jorddrivarar som samarbeider i mjølkeproduksjonen. Dei naturgjevne tilhøve i fjellbygdene kombinert med moderne teknologi, gjev jamn haustekostnad for grovfôr uavhengig av organisering av husdyrproduksjonen, og uavhengig av storleiken på denne produksjonen.

Med helsing

Olav Agnar Wold  
konsulent